

Referat frå kyrkjelydens årsmøte for Kviteseid sokn.

Søndag 06.03.2016 i Vrådal kyrkje.

Møtet tok til etter gudstenesta og kyrkjekaffi. Det var 20 som møtte.

Håkon Birkeland opna møtet med val av ordstyrar og referent. Torstein Eidem Nordal blei vald til ordstyrar og Inger Lise Berge blei vald til referent.

Saker:

1. Årsmelding.

Årsmeldinga blei gjennomgått. Det blei stilt spørsmål ved kvifor det var så stor differanse mellom offer som hadde kome inn i 2014 samanlikna med 2015, under avsnittet om «Gudstenesteliv, statistikk». Summane var vesentleg høgare i 2014. Torstein skulle undersøkje dette nærmare. Vidare blei det bl.a. stilt spørsmål ved kvifor gudstenester som t.d. Olsokmessa og gudstenesta i Vrådal sentrum var skrive inn under overskrifta «Kulturarbeid». Årsmeldinga blei godkjend.

2. Årsrapportar.

Dagfinn Køhn las gjennom årsrapporten for organisten.

Kirsti Skjæveland las gjennom årsrapporten frå diakoniutvalet og føremiddagstreffet. Dei andre rapportane blei nemnt, men ikkje lest gjennom.

Det kom innspel til årsrapporten for Kyrkjebladet at ein må få med at det er viktig å sikre seg at alle medlemmane får kyrkjebladet i postkassa. Dersom medlemmar har spørsmål til nokre av desse rapportane kan dei sende dei til soknepresten på e-post.

3. Gjennomgang av rekneskap v/Hans Kristian Aabø.

Rekneskapet blei gjennomgått og godkjend.

Hans Christian informerte vidare om endring av rekneskapssystemet etter at dei fire sokneråda har blitt slått saman til eitt. Rekneskapen ved dei tidlegare sokna er no samla.

Fellesrådet har blitt nedlagt som ein konsekvens av samanslåinga. Soknerådet og fellesrådet sin rekneskap blir slått saman frå 1.4.2016. Kyrkjeverja har no hand om rekneskapen gjennom det kommunale rekneskapssystemet.

4. Informasjon frå soknerådet v/Håkon Birkeland.

-Prosessen med samanslåinga av dei fire sokna til eitt sokn har ført til større endringar enn ein var klar over på førehand. Kyrkjeverja skal delta på alle soknerådsmöta og kyrkjeverje og soknerådsleiar planlegg møta saman og kyrkjeverje kallar inn.

-Informasjon om prestesituasjonen. I nov./des. vedtok bispedømmet at det skulle reduserast 3 stillingar. I januar blei det vedteke å kutte to stillingar til. Det er eit forslag at 50% stilling skal kuttast i Kviteseid. Soknerådet og årsmøtet stiller spørsmål ved prosess og vedtak og sender eit skriv til stiftsdirektøren.

Ref. Inger Lise Berge